





BEFFEN AS  
Loftås  
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Dato: 17.03.2016  
Vår ref.: 2015/2164-62  
Saksbehandlar: irekron  
Dykkar ref.:

## MF Beffen - Tilskot til fartøyvern 2016 - underretting om tildeling

Vi viser til søknaden Dykkar om tilskot til fartøyvern.

Søknaden vart handsama av utval for kultur, idrett og regional utvikling i møte den 16.03.2016, sak 44/16.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok å gje eit tilskot på **kr 30.000,-** av fylkeskommunale midlar, budsjettpost 10.400.650.04 og frå statsbudsjettet 2016 kap 1429 post 74.

Tilskotet vert gitt på vilkår av at B.E.F.2 formelt vert listeført som verneverdig av Riksantikvaren.

### Grunngjeving

Beffen er ein institusjon, og trafikken over Vågen har vore nær knytt opp mot den regionale båttrafikken. Ikke sjeldan vart "ei tur til byn" kombinert med ei tur med Beffen. Samlege av tiltaka det søkast om er stønadsverdige etter retningslinene: f) Det kan gjevast tilskot til dekning av faktiske og naudsynte driftsutgifter knytt til vedlikehald (til dømes naudsynt forbruksmateriell, periodisk ettersyn/service av maskineri og teknisk utstyr.)

### Tidsavgrensing

Tilskotet gjeld tildelingsåret og det påfølgande år.

### Rapportering

Tiltakshavar skal rapportere om status for tiltaket innan utgangen av tildelingsåret og endeleg rapport må innleverast innan 15. november i det påfølgande året.

Rapporten skal innehalda:

- Utgreiing av gjennomførte tiltak og eventuelle avvik frå planen for tiltaket.
- Rekneskap med oversikt over kostnader og finansiering.
- Dokumentasjon i form av foto teke før, under og etter tiltaket.

### Godkjende planar

Det må liggja føre planar godkjende av fylkeskonservatoren før arbeidet vert sett i gang.

### Arbeidsgjevaransvar

Søkjaren må sjølv stå som arbeidsgjevar for dei handverkarane som skal utføra arbeidet. Dette inneber at rekningar skal adresserast til søker, som må forskottera utbetalinga.

### ***Utbetaling***

Utbetaling skal normalt skje etter oppmoding frå mottakar av tilskotet saman med rapport og rekneskap. Forskotsutbetaling kan avtalast særskilt.

Det må takast etterhald om heil eller delvis tilbakebetaling av tilskotsmidlane dersom det viser seg at prosjektet ikkje er blitt gjennomført etter føresetnaden.

Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setje i verk kontroll med at midlane vert forvalta slik som føresett. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei opplysningane ein finn påkrevd for sin kontroll.

### ***Klage/partsinnsyn***

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklaa vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

*Vi gjer merksam på at De etter Forvaltningslova har rett til å gjere Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.*

Vi legg ved skjemaet **aksept for vilkår av tilskot** som må returnerast kultur- og idrettsavdelinga.

Per Morten Ekerhovd  
konst. Fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasen Sandved  
konst. fylkeskonservator

Sakshandsamar: Stein Ottosen

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*